



VITENSKAPELIG  
HØYSKOLE  
Norwegian School of  
Theology, Religion and Society

# Kva er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre i dag?

Ei drøfting med henblikk på praksis som tar utgangspunkt i to nyare  
framstillingar av dåpsteologi.

**Anne-Helen Roaldsnes**

Rettleiar

Professor Jan-Olav Henriksen

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,  
AVH 5045: Masteroppgåve i erfaringsbasert master i kirkelig undervisning  
15 ECTS, Vår 2021 år  
Tal på ord: 11348





## Forord

Her i min nynorske heimstad blir fleirtalet av spedborna døypt og dåpsforeldra stiller til dåpssamtalen. Men lenge har eg undra meg over dei vanskelege fem minutta med dåpsteologi i samlinga. Treng vi å bruke så mange ord?

Min rettleiar Jan-Olav Henriksen påpeika at når nokon seier det ikkje er så viktig å seie så mykje, så har det å gjere med at det som har vore sagt ikkje har vore så viktig. Men då er det kanskje ein indikasjon på at ein må finne noko anna å seie – viss det er noko viktig å seie, poengterte han.

I denne avhandlinga har desse orda utfordra meg. I møte med dåpsforeldra. I møte med dåpsteologien. Og i avgrensinga til dette avhandlingsformatet.

Takk til familien for tolmod i skriveprosessen.

Takk til rettleiar Jan-Olav Henriksen som har delt litteraturtips og teoretiske perspektiv. Takk for gode råd, nyttige kommentarar og konstruktive innspel på zoom-møter midt i ein pandemi.

Våren 2021

## Samandrag

Tema for oppgåva er dåpsteologi i dåpssamtaler. Som kateket i Den norske kyrkja møter eg mange nybakte foreldre som kjem til kyrkja med barna sine. I dåpssamtalane er dåpsteologi er eit av kulepunkta som skal gjennomgåast, men denne kommunikasjonen er utfordrande. Med min eigen praksiserfaring som bakgrunn vil eg fordjupe meg i dåpsteologi. Kva ønskjer vi å formidle av dåpsteologi til foreldra i dåpssamtalen?

Problemstillinga mi er følgande: Kva er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre i dag? Ei drøfting med henblikk på praksis som tar utgangspunkt i to nyare framstillingar av dåpsteologi.

Eg har to forskingsspørsmål: Korleis kan tradisjonen med å døype barn seiast å vere ein orienteringsressurs for dåpsforeldre i dag? På kva slags måte bidreg teologien til å framstille dåpen som noko som involverer ein form for transformasjon, forstått som vekst, utvikling og endring?

Materialet mitt er Harald Hegstads *Dåpen - en nådens kjelde* (Verbum Akademisk 2019) og tre publikasjonar av Kirsi Stjerna: Den vesle boka *No greater jewel. Thinking about Baptism with Luther* (Augsburg Fortress 2009), artikkelen *Seeking Hositable Discourse on the Sacrament of Baptism* (Dialog: A Journal of Theology 2014) og Stjerna si nyaste bok *Lutheran Theology- A Grammar of Faith* (t&t clark 2021) .

Stjerna fokuserer på korleis dåpen er ei sanseleg og personleg påminning om nåde frå Gud. Gud som ikkje berre skaper og frelser, men som held alt oppe. Dåpen er noko fysisk ein held fast ved, vatn som ein har erfart med kroppen.

Hegstad og Stjerna seier begge at Den heilage ande blir gjeve som gåve i dåpen. Medan Hegstad betoner at dette kan vise seg svært ulikt og handlar ikkje om i kva grad ein er fylt av Den heilage ande snakkar Stjerna om spiritualitet i oppløftande vendingar, om ressursane som ligg i dåpen for alle ved Heilaganden- om kraft til forandring.

I høve kva som er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldra må det gjerast ei prioritering i kva ein vil vektlegge. Eg har utifrå drøftinga av framstillingane til Hegstad og Stjerna peika på to moment eg finn viktigast i min brukskontekst; *Dåpens vatn* og *Den heilage ande sine gåver*, og korleis denne samtalen kan skje med henblikk på praksis.

# 1 Innhaldsliste

Forord .....	2
Samandrag .....	3
1 Innhaldsliste .....	4
2 Innleiing .....	6
2.1 Beskriving av og bakgrunn for val av tema.....	6
2.2 Problemstilling og forskingsspørsmål .....	7
2.3 Materiale .....	8
2.4 Tidlegare forsking.....	9
2.5 Teori og metode.....	10
2.5.1 Teoriperspektiv - orientering.....	10
2.5.2 Teoriperspektiv - transformasjon .....	11
2.5.3 Metode.....	12
2.6 Struktur og framdrift.....	12
2.7 Målsetting .....	12
3 Analyse.....	13
3.1 Hegstad .....	13
3.1.1 Orienteringsressursar hjå Hegstad.....	13
3.1.2 Transformasjonsressurser hjå Hegstad.....	15
3.1.2.1 Oppsummering.....	17
3.2 Stjerna.....	18
3.2.1 Orienteringsressursar hjå Stjerna .....	18
3.2.2 Transformasjonsressursar hjå Stjerna.....	23
4 Drøfting .....	25
4.1 Hegstad og Stjerna: Nyare framstillingar av dåpsteologi .....	25
4.2 Ressursar hos Hegstad og Stjerna med henblikk på praksis.....	28
4.2.1 Korleis kan tradisjonen med å døype barn seiast å vere ein orienteringsressurs for foreldre i dag?.....	28

4.2.1.1	Gjere bruk av forteljingar som gjev identitet og tilhøyrse.....	29
4.2.1.2	Samtale og øving i samspel om Dåpens vatn og Den heilage ande.....	30
4.3	På kva slags måte bidreg teologien til å framstille dåpen som noko som involverer ein form for transformasjon?.....	32
4.3.1	Gjere bruk av ritual til vekst, utvikling og endring.....	32
5	Avslutning.....	33
6	Litteratur.....	34

## 2 Innleiing

### 2.1 *Beskriving av og bakgrunn for val av tema*

Kva ønskjer vi å formidle av dåpsteologi med foreldra i dåpssamtalane? Tema for oppgåva er dåpsteologi i dåpsamtalane. Problemstillinga mi er følgande: Kva er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre i dag? Ei drøfting med henblikk på praksis som tar utgangspunkt i to nyare framstillingar av dåpsteologi.

I arbeidskvardagen min som kateket i Den norske kyrkja møter eg mange nybakte foreldre i dåpssamtalar. I kyrkjerommet sit det som oftast mellom seks og tolv foreldre og dei fleste har med babyen som skal døypast. Når vi er klare til å starte har eg ei kort innleiing med eit utdrag frå Godyplay-forteljinga om Dåpen. Dette pedagogiske opplegget for trusopplæring vektlegg undring og refleksjon. Eg legg ned tre store, kvite sirklar som saman dannar eit underlag for symbola eg plasserer oppå: Vatn, Kristuslys og due.

Presten stiller så eit innleiande spørsmål for å prøve å få dåpsforeldra i samtale. «Kvifor vil de døype babyen dykkar?». Det blir ein kort plenumsrunde der som oftast det same, korte svaret blir repetert: «tradisjon». Neste punkt på programmet er dåpsteologi. Presten har forfatta eit manus som skal vere forenkla og tilpassa målgruppa. For kyrkja er det viktig å formidle gode ord om det valet foreldra har teke om å døype babyen sin. Men ofte observerer eg at foreldra mister fokus. Dei retter på pleddet på bilstolen, dei sjekkar mobilen eller dei pludrar med den vakne babyen. Medan prestens ord om sakrament, frelse, ny fødsel, evig liv, tilgjeving av syndene og nåde svevar over hovuda deira.

Når presten skiftar tema til den praktiske gjennomgangen blir foreldra plutselig påkobra igjen. Ved snakk om oppmøtetidspunkt, skifterom og kva arm barnet skal ligge under sjølve dåpshandlinga er det ein annan energi av konsentrasjon og spørsmål hjå dåpsforeldra. Mot slutten av samlinga fortel eg litt om tilboda om trusopplæring i kyrkja og kva ein kan gjere heime. Vi syng eit par babysong-songar før vi avsluttar samlinga ved lysgloben. Ved lysgloben blir det ofte ei god ro. Som regel varer dåpssamtalane i 35-40 minutt.

Enkelt skissert er dette ein typisk dåpssamtale i kyrkja der eg jobbar. I 2020 skulle det vere eit ekstra fokus på dåp i kyrkjene i Norge. Før vi visste om Covid-19 vart brevet «Dåpsgåva» lest opp i gudstenester over heile landet og Bispemøtet oppfordra til «fornya refleksjon om dåpen»

(Livsteiknet. Den norske kyrkja 2020). Dersom spørsmålsstillinga var snudd på hovudet i dåpssamtalen og det var dåpsforeldra som spurde kyrkjestaben «Kvifor skal vi døype borna våre?». Kva ville eg då ha vektlagt? Handlar det berre om ord, eller handlar det om å gjere? Eller begge i samspel? Med mi eiga praksiserfaring som bakgrunn vil eg fordjupe meg i dåpsteologi.

I min brukskontekst i dåpssamtalen møter vi flest foreldre som skal døype spedbarn, difor avgrensar eg konteksten til dåp av spedbarn. På grunn av oppgåva si storleik har eg ikkje kunne gått inn på sentrale tema knytt til gjennomføring av dåpssamtale i høve kommunikasjonsteori, læringssyn og pedagogiske val. Ei heller utfordringar ved å samle mange foreldre til større dåpssamlingar til forskjell frå enkeltvis dåpssamtalar. Men eg har spissa tema for oppgåva til det eg har erfart har vore mest utfordrande i ramma av ein dåpssamtale i dag; kva er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre?

## ***2.2 Problemstilling og forskingsspørsmål***

Tema for oppgåva er som nemnt dåpsteologi i dåpssamlingane. Problemstillinga mi er følgande: Kva er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre i dag? Ei drøfting med henblikk på praksis som tar utgangspunkt i to nyare framstillingar av dåpsteologi. Eg vil lese framstillingane frå Hegstad og Stjerna utifrå eit teoriperspektiv frå Henriksen (2016) om teologi som orienterer og transformerer. Henriksen påpeikar at omgrepa orientering, transformasjon og legitimering er ulike perspektiv å sjå praksisar i lys av. Dei ulike dimensjonane omgrepa fangar inn, går over i kvarandre, og påverkar kvarandre gjensidig. Å skilje dei ut som kategoriar kan til ei viss grad berre gjerast på papiret.

Eg har desse forskingsspørsmåla som også blir knytt til min brukskontekst i dåpssamtalane:

Korleis kan tradisjonen med å døype barn seiast å vere ein orienteringsressurs for dåpsforeldre i dag?

På kva slags måte bidreg teologien til å framstille dåpen som noko som involverer ein form for transformasjon, forstått som utvikling, vekst og endring?



Desse forskingsspørsmåla vil hjelpe meg å reflektere med omsyn til praksis omkring kva slags prioriteringar eg må gjere i høve kva som er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre på dåpssamtalane i dag.

På grunn av oppgåva si storleik vektlegg eg orienteringsressursar, med fokus på forteljing, og transformasjonsressursar, utan å omhandle særleg legitimering. Med ordet viktigast i problemstillinga ønskjer eg å signalisere normative vurderingar og gjere prioriteringar om kva som er mest sentralt i høve brukskonteksten i møte med dåpsforeldre i dag, og kvifor. Sidan eg møter flest nybakte spedbarnsforeldre refererer eg til desse når eg omtalar dåpsforeldre i oppgåva. Det er ikkje rom for å beskrive kva som kan kjenneteikne foreldre i dag. Eg nyttar omgrepet dåpssamtale om møtet som finn stad mellom kyrkja og dåpsforeldra før dåpen, men vurderer ikkje tal på deltakarar og samansetning i dåpssamtalen.

### 2.3 Materiale

Materialet mitt er Harald Hegstads *Dåpen - en nådens kilde* (Verbum Akademisk 2019) og tre publikasjonar av Kirsi Stjerna: Den vesle boka *No greater jewel. Thinking about Baptism with Luther* (Augsburg Fortress 2009), artikkelen «Seeking Hositable Discourse on the Sacrament of Baptism» (Dialog: A Journal of Theology 2014) og Stjerna si nyaste bok *Lutheran Theology- A Grammar of Faith* (t&t clark 2021). Dåpsteologien til Stjerna er i hovudsak samsvarande i desse publikasjonane.

Eg har valt Hegstad og Stjerna fordi dei representerer to nyare og aktuelle bidrag til dåpsteologi frå signifikant forskjellige kontekster. Hegstad kjem frå ein norsk/skandinavisk bakgrunn i ei luthersk majoritetskyrkje. Stjerna har bakgrunn i ei amerikansk luthersk minoritetskyrkje.

Eg vil lese materialet utifrå eit teoriperspektiv om teologi som yter ressursar til orientering, transformering og legitimering frå Jan-Olav Henriksens bok *Mangfold og tvetydighet: Aktuelle blikk på religion*. (Portal Akademisk 2016). I tillegg tek eg med teoriperspektiv om forteljing frå ei anna bok til Jan-Olav Henriksen *På grensen til Den andre. Om teologi og postmodernitet*. (Ad Notam Gyldendal 1999).

## 2.4 Tidlegare forskning

I høve temaet dåpsteologi er det fleire relevante studiar dei siste åra. Eg vil nemne tre masteravhandlingar. Inger Mangrud Bore si masteravhandling *Hvordan inviterer kirken til dåp i en sekulær kontekst?*(2020). Denne omhandlar invitasjonar til dåp på heimesidene til kyrkjelydar og har vore relevant å lese i høve korleis dåpsteologi kan forklarast og formidlast på ein truverdig måte via internett.

Jorunn Tetlie Larsen si masteravhandling *Frelsesfortolkninger i Luthersk dåpsteologi* (2019) analyserer ulike frelsesmodeller i høve til frelsesteologien i Den norske kyrkja sin dåpsliturgi. Avhandlinga viser at fleire frelsesmotiv har blitt gjeldande i dåpsliturgien. Motiva utfyller og overlappar kvarandre og kan gje auka ressursar til livstolking for tilhøyrarane. Denne oppgåva har gjeve meg innblikk i korleis frelseteologi kan nyttast i dåpssamtalen.

Masteravhandlinga «Dåpssamtalen mellom det hellige og alminnelige- kirkens utfordringer i møte med unge foreldre i en postmoderne tid» av Cecilie Holdø (2008) peiker på utfordringar knytt til innhaldet i dåpssamtalen og utforminga i den postmoderne tida. Holdø har peikt på faktorar som kan vere sentrale for at dåpssamtalen kan bli ein døropnar til trusopplæringa i Den norske kyrkja. Avhandlinga er nyttig i forhold til min tematikk sidan ho vurderer innhaldet i dåpssamtalen.

Til forskjell frå desse avhandlingane vil eg nærme meg dåpssamtalen ved å forske på kva som er viktigast å formidle dåpsteologisk i dag. Mi avhandling kan bidra inn i forskingsfeltet ved å sjå korleis dåpsteologi kan yte ressursar til orientering og transformasjon.

Våren 2021 oppretta eit nordisk prosjekt om dåp nettsida [churchesintimesofchanges.org](https://churchesintimesofchange.org). Dette prosjektet har sitt utspring frå fem nordiske medlemskyrkjer i Det lutherske verdensforbund og arrangerer denne våren webinar om dåp. «Baptism in times of change» er leia av Harald Hegstad. Målsetjinga er å kartlegge og analysere forskning og ressursar i høve dåp – til læring og refleksjon. Frå denne databasen vil eg trekke fram doktorgradsavhandlinga til Ida Marie Høeg (2008):«*Velkommen til oss*». *Ritualisering ved livets begynnelse*. (<https://churchesintimesofchange.org>). Dåp er eit av fire ritual Høeg har forska på, og har interessante funn knytt til dåpsforeldra si tolking av dåpen.

## 2.5 Teori og metode

Henriksen (2016) si bok argumenterer for at religion gjev menneske motivasjon og orientering, og yter ressursar som skaper tilhøyrslø og identitet. Eg vil særleg legge vekt på *forteljingar* som ein av tre dimensjonar i høve korleis religion blir brukt i høve orientering (Henriksen 2016:25). *Forteljingar og forkynning* er viktig for å vidareføre det religiøse fellesskapet. Å lytte til forteljingar kan gje rom for å lytte sine egne erfaringar inn i forteljinga og høve til å erfare tilhøyrslø og identitet. Slik kan forteljingar gje ressursar til tolking av livserfaring og nye erfaringar. Dimensjonen *Etikk og moral* er sentralt både i kva som er rett og gale, og vektlegging av kva som er viktig i møter mellom menneske. For det tredje er den *rituelle dimensjonen* sentral i skaping av minner. Minner og praksisar som uttykker samhørighet og fellesskap. Rituala er med på å synleggjere stader som er viktige utgangspunkt for tilhøyrslø (ibid. s. 26). Slik som dåpen synleggjer tilhøyrslø i Den norske kyrkja. Eg vil i det følgjande utdjupe teoriperspektiva orientering og transformasjon.

### 2.5.1 Teoriperspektiv - orientering

Som ein del av den menneskelege kultur tilbyr religion høve til å vere i røyndomen på bestemte måtar. All kultur blir formidla ved hjelp av noko; for religion gjeld det forteljingar og symbol (Henriksen 2016:20-21). Orientering kan bety utgangspunkt for kva menneske finn viktig og uviktig. Religion gjev ressursar til ei slik orientering om hensikt og retning, og det får praktiske konsekvensar for folk sine handlingar.

Barn orienterer seg ut frå sine omsorgspersoner og gradvis, gjennom år, utvidar orienteringa seg til å gjelde barnets nærmiljø. Dei viktige orienteringspunkta som «heime», bustad og næraste familie er faste merker på kartet som ein navigerer etter. Desse punkta påverkar kjensler av tilhøyrslø og utformer kriterier for kva som er kjent og ukjent, viktig og ikkje viktig, kva ein kjenner seg heime i og kva som er framand. Som hjelp i å finne fokus og ei fortolkingsramme for menneska sine erfaringar kan orientering vere markør for kva som er sentralt og ikkje sentralt.

Henriksen viser korleis religion gjev orienteringsressursar og at religion slik ikkje kan berre vere noko som bur i « hovudet» og handlar om kva ein «trur». Religion har derimot meining i

gjennom korleis den blir brukt; « Når religion orienterer, gjør den noe med oss og for oss» (ibid. s. 25).

I avhandlinga vektlegg eg *forteljingar* som ein dimensjon ved orientering. Difor tek eg med nokre utfyllande perspektiv frå Henriksen si bok «På grensen til Den andre» (1999). Han viser teikn til å sjå ei resakralisering i samfunnet. Det er større merksemd om at ein åndeleg dimensjon gjer menneskelivet rikare. Menneska treng symbol og ritual for å uttrykke, tolke, og for å leve med sentrale og avgjerande opplevingar og livserfaringar (Henriksen 1999: 18).

Eit viktig innsteg for Henriksen i hans teologiske refleksjonar rundt moglegheiter ved det postmoderne er forholdet til Den andre. Den andre er ein grunnleggande faktor som er utanfor oss, ved grensa for vår makt. Både Gud og eit anna menneske kan vere Den andre. Måten vi møter Den andre på kan gje oss ressursar til å møte mangfaldet i livstolkningar i vår tid, samtidig som ein søker forståing for korleis tolke tru og liv. I dette møtet ligg dei fortellingane som stadig skaper nye utkast til kristen livstolking (ibid. s. 21).

Henriksen viser at i postmodernismen har menneska mista trua på metaforteljingar. Slike store forteljingar bind ikkje lenger saman røyndomen for oss. Men narrativ teologi prøver å revitalisere «den kristne grunnforteljinga». I dette ligg ein teologiform med særleg refleksjon og bearbeiding av innsikt i kva forteljingane tyder for menneska si livstolking og danning av meining (Henriksen 1999: 88).

### 2.5.2 Teoriperspektiv - transformasjon

Dåp er i vår lutherske lære eit transformasjonsrite. Henriksen viser at teologi som transformerer handlar om endring. Endring er ein viktig komponent i teologi. Dette kjem til syne i til dømes vektlegging av «frelse» som ei endring frå ein status til ein annan. I moderne protestantisk teologi har denne transformasjonskomponenten i *frelsa* overskygga fokus på endring i kraft av religiøst engasjement. Transformasjon dreier seg ikkje berre om korleis du lever etter gitte reglar om rett og gale, men kan også handle om å få ei djupare innsikt i religiøse tradisjonar. Ei djupare innsikt som kan utvikle refleksjon over korleis tradisjonar kan brukast og gje nyttige ressursar til livsorientering (Henriksen 2016: 27).

Heilt kort vil eg nemne *legitimering* som det tredje perspektivet på teologi hjå Henriksen. Teologi legitimerer praksisar og den legitimeringa er knytt både til grunngeving og forklaring

av kvifor vi gjer som vi gjer. I legitimeringsarbeidet er det ein stadig pågåande refleksjon og forhandling i høve kven som har autoritet, og i høve identifisering og vektlegging av orienteringspunkta (Henriksen 2016:30).

### 2.5.3 Metode

Metodisk vil eg i analysen nytte Henriksens teoriperspektiv på dåpsteologi og sjå etter ressursar til orientering, med vektlegging av forteljing, og korleis teologien framstiller dåpen som ein transformasjon hjå Hegstad og Stjerna. Drøftinga har to deler der i første del samanliknar dei to framstillingane av dåpsteologi og ser på kva Hegstad og Stjerna betoner forskjellig og kva som er likt. Andre del av drøftinga omhandlar kva som er viktigst å formidle teologisk i dag med dåpsforeldra utifrå min brukskontekst i dåpssamtalane og kva tyding det har for praksis i møte med dåpsforeldra.

## 2.6 Struktur og framdrift

Etter innleiinga skal eg først analysere utvalde deler av Hegstad si bok *Dåpen. En nådens kilde*. Deretter følger ei analyse av utdrag frå Stjerna *No Greater Jewel* og supplerande utdjuvingar frå Stjerna i artikkelen frå 2014 og boka frå 2021.

Deretter vil eg i drøftingsdelen kort samanlikne Hegstad og Stjerna. Dei er begge lutherske, men er frå to ulike deler i verda. Eg vil sjå korleis dei vektlegg dåpsteologiske perspektiv og kva ressursar eg finn hos dei til orientering, med hovudvekt på forteljing, og transformasjon, forstått som utvikling, vekst og endring i forhold til min brukskontekst i dåpssamtalane.

## 2.7 Målsetting

Å ha eit klart mål med kva ein vil formidle på dåpssamtalen gjev retning. Sjølv om organiseringa har gått frå dåpssamtale i heimen til dåpssamlingar med fleire foreldre i våre kyrkjelydar ønskjer kyrkja dialog. Undersøkingar viser at foreldre har positive forventningar til dåp i kyrkja, men er lite opptatt av kva kyrkja legg av tyding i dåpen (Holdø 2008: 25). Kyrkja

på si side har hatt urealistiske målsettingar om å skape tryggleik, formidle teologi og fokusere på opplæring i eit dialogisk samspel i ramma av ein dryg halvtime (Holdø 2008: 35).

Foreldra har opplevd underet, mysteriet og livsendringa i å bli foreldre til eit lite barn. Dåpen er også eit mysterium. I dåpssamtalen ønskjer eg ikkje å framstille ein fasit til foreldra, men det som skal prioriterast å seie må vere viktig og det må gjerast relevant. I botn ligg ein pedagogikk om formidle med, ikkje til. Med denne oppgåva håper eg å bidra inn i samtalen på kva det er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre i dag, og gje nokre perspektiv til den vidare samtalen om dåpsteologi i dåpsamtalane i kyrkja.

## 3 Analyse

### 3.1 Hegstad

#### 3.1.1 Orienteringsressursar hjå Hegstad

Som ei ressursbok om dåpen vart Hegstad si nyaste bok sendt ut til alle kyrkjekontor i landet i regi av Kyrkjerådet. Hegstad har som målsetting å framstille grunnlagstenking rundt luthersk dåpsteologi i Den norske kyrkja i dag. Eit viktig tema for kyrkja er kor vidt den kristne budskapen verkar truverdig for menneske i vår tid (Hegstad 2019: 13).

Dåpen er i følgje Hegstad ei hending å orientera seg utifrå. Hegstad sitt perspektiv på dåp som hending og prosess er viktig. I dette perspektivet hos Hegstad er dåpen både ei hending å orientere seg utifrå, samtidig som det inneber ein livslang endringsprosess. Hegstad omtalar også dåpen som eit virkekraftig teikn og viser til mellom anna korleis dåpen ifølgje Luther (1483-1546) gjeld heile den døypte sitt liv; løftet i dåpen blir stadig oppfylt samtidig som fullendinga venter. Utsagnet til Luther lyder: «Altså er vi aldri noen gang uten dåpen: verken dens tegn eller selve dens sak; tvert om skal vi alltid bli døpt bare mer og mer, inntil vi på den ytterste dag oppfyller tegnet helt og fullt.» (Hegstad 2019: 43). Slik blir dåpen eit teikn både på det som skjer i dåpen, og eit teikn på fortsettinga; det Gud skal gjere (ibid. s. 51).

Dette perspektivet hos Hegstad ved å sjå dåpen som eit virkekräftig teikn understreker den rituelle dimensjonen. Ritualet skaper eit minne som du vender tilbake til. Dåpen er ikkje meint å vere ei hending «som har skjedd ein gong». Dåpen er noko ein skal stadig orientere seg tilbake til, noko som minner om at ein høyrer til.

Eg vil sjå nærmare på dåpen som ei hending å orientere seg utifrå. Kor plasserer dette oss? Og kven er vi i lys at vi er døypt?

Tilhøyrsløse er her eit nøkkelord. Hegstad peiker på at i Den norske kyrkja sin døypeformelen blir tilhøyrsløse til den ein døypt til betona i sjølv preposisjonsbruken av «til». Ein blir døypt *til* namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande. I Den norske kyrkja blei preposisjonen «i» nytta inntil 1900-talet og dette var eit utsegn for at dåpen vart utført på den treeinige Guds fullmakt og oppdrag. Når ein no nyttar «til» samsvarer det i følgje Hegstad med viktige dåpsmotiv frå Det nye testamentet. Ein blir døypt *til* den treeinige Gud og såleis blir det etablert ein spesiell relasjon mellom Gud og den døypte (ibid. s. 180). Etter dåpshandlinga blir den døypte presentert som «Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje» (Ordning for dåp i hovudgudstenesta, 2017).

Hegstad viser at dåpen handlar også om tilhøyrsløse til kyrkja og det kristne fellesskapet. Som Paulus i Romarbrevet 6 beskriv dåpen som det å bli sameina med Kristus, inneber det også å bli del av kyrkja som Kristi kropp. Ein blir ikkje berre ein del av sin lokale kyrkjelyd, men blir sameina med kristne over heile verda og til alle tider (Hegstad 2019:157). Dåpen betoner slik ulike relasjonar. Ein tilhøyrsløse til Gud og til kyrka.

Å tru kan vere å «praktisere dåpen» (Hegstad 2019: 94). Dette perspektivet er sentralt i denne avhandlinga sitt tema. Tradisjonen med å døype barn er å ta del i kristne praksisar. Dåpen er ein praksis som er ei tilgjengeleg gåve. Å delta er det sentrale, ein må ikkje sette det opp mot kontrasten å delta på grunnlag av ei kognitiv overtving.

Hegstad viser at Luther hevda utifrå det løftet som blei gjeve i dåpen, at gåva i dåpen uansett vil vere til stades sjølv om den ikkje blei motteken i tru. Det er ei gåve som er der tilgjengeleg, og som kan bli tatt i mot på eit seinare tidspunkt. Difor beskriv Luther dåpen som ein skatt som ikkje blir mindre verdfull sjølv om ein ikkje tek i mot den (ibid. s. 106).

Dåpen gjeld for heile livet. Dette perspektivet hos Hegstad om dåpen som ei tilgjengeleg gåve kan vere ein inngang til å snakke om at dåpen gjeld for heile livet og tek ikkje slutt som orienteringsressurs. Tilhøyrslø og tilknytning kan vare heile livet til den døypte. Det er ein relasjon som blir etablert, ønska av Den andre, og noko å vende tilbake til. Korset som blir teikna over den som skal bli døypt er akkurat eit *teikn* som viser til det gudsforhaldet som blir etablert i dåpen, som skal vare ved i truas liv, understreker Hegstad (ibid. s. 109). Sjølv om ein ikkje har noko garanti for at det som blir gjeve i dåpen vil bli levd ut i tru, er faktum at ein blei døypt ein gong. Ein kan ikkje seinare bli udøypt. I samanheng med dåpen som ei tilgjengeleg gåve heile livet kan ein i dåpssamtalen gjere bruk av ei forteljing som kan yte som orienteringsressurs. Forteljinga om Sonen som kom heim (Luk. 15,11-32). Under tittelen «Ein far som venta» er den lista opp som ein av kjernetekstane i trusopplæringa (Kirkerådet 2010). Forteljinga kan etablere ein positiv farshus- dimensjon. Om å bli født inn i og høyre til i ein familie. Faren sin invitasjonen til relasjon blir ståande som noko ein alltid kan vende tilbake til. Det er etablert ein tilhøyrslø som alltid er gjeldande sjølv om ein vel å ikkje delta.

I dåpen blir det bekrefta det Gud allereie har gjort med den som blir døypt, samstundes handlar Gud igjen med den som blir døypt, viser Hegstad. Ein kan sjå dåpen som ei stadfesting og eit teikn på Guds skapande gjerning, og det Gud alt har gjort med eit menneske før dåpen (Hegstad 2019:55). I spørsmålet om kvifor mennesket som er skapt av Gud treng frelse viser Hegstad til Bibelens forteljing om Gud som kjemper mot kreftene som vil øydelegge skaparverket. Guds ønske om fellesskap med sin skapning står sentralt i Guds fresegjerning. Frelsa er ei «frelse av det skapte» og ein «gjenopprettelse av det skapte og som en realisering av Guds opprinnelige skapervilje» (ibid. s. 57). Dette bringer oss vidare til korleis dåpsteologien hjå Hegstad bidreg til ei framstilling som involverer transformasjon.

### **3.1.2 Transformasjonsressurser hjå Hegstad**

Gud ønsker fellesskap med sin skapning. Mennesket som skapt av Gud er ei grunnforteljing som kan skape tilhøyrslø og identitet. Men korleis blir det framstilt at det skjer ei endring i dåpen?

Hegstad peiker på inkarnasjonen som den avgjerande hendinga som held skaping og frelse



saman. Gud plukkar ikkje ut av verda dei han vil frelse, men ved at Sonen blir menneske i Jesus Kristus, går han sjølv inn i verda. Dette gjev bakgrunn for å forstå dåpen som starten på ei frigjering og fullending av mennesket som skapt. Det er ikkje ei underkjenning av det skapte mennesket. Mennesket som er skapt av Gud og i Guds bilete får i dåpen del i Guds frelse (ibid. s. 58).

Skapelsesperspektivet har blitt vektlagt i større grad i Den norske kyrkja sin dåpsliturgi av 2017, understreker Hegstad. I ei av dei innleiande bønene lyder bøna «Evige Gud, du som gir liv til alt som lever og har skapt oss i ditt bilete.[...] Ho/han/dei er dyrebar i dine auge.[...] og gje henne/han/dei ein heim i di kyrkje (Den norske kyrkja, 2017). I denne bøna blir tilhøyrslø til kyrkja framheva som ein dimensjon ved frelsa (Hegstad 2019: 59).

Gjennom dåpsliturgien blir dei mange aspekta ved frelsa som ein får del i ved dåpen tydeliggjort. Men Hegstad presiserer at ein må ikkje miste samanhengen mellom korleis Gud allereie har handla med den døypte og frelsa gjeve i dåpen. Den som skal døypast er allereie skapt og elska av Gud. Men at eit menneske kjem til dåpen tilkjennegir også Guds gjerning- Guds handling med menneska. Å bli døypt handlar om « å realisere sin bestemmelse som Guds skapning» (ibid. s. 60).

Hegstad viser at bruken av vatnet i dåpen får fram korleis det skapte blir fornya og fridd ut frå den destruktive makta til synda. Gjennom vatnet i dåpen blir synda vaska bort og det skapte mennesket blir framtrédande (ibid. s. 65).

I det følgjande skal vi sjå korleis transformasjonen involverer relasjonar. Det fører til at vi kan kalle Gud for Far. Vi er Guds barn. Vår tilhøyrslø har fått ein djupare dimensjon. I eit nytestamentleg perspektiv representerer dåpen ei omveltande endring i eit menneske sitt liv, understreker Hegstad. Det som skjer i dåpen blir omtala som ein ny fødsel. Han held vidare saman denne nye fødselen med kristne sitt forhold til Gud som ein foreldrerelasjon (ibid s. 84). Som skapt i Guds bilde har alle menneske ein særeigen relasjon til Gud skaparen. Med ei påminning om å ikkje nytte omgrepet «Guds barn» på ein måte som skapar tvil om alle menneske sin verdi gjeve av Gud, understreker Hegstad at det er likevel sentralt å tydeliggjere den nye statusen og endringa i relasjonen til Gud skaparen. Eit kvalitativt nytt forhold blir etablert mellom mennesket og Gud. Som Guds arving (Gal 4,7) har ein rett til å kalle Gud for Far. Omgrepet «Guds barn» svarer til det bibelske grunnlaget til å omtale dåpen som ein ny fødsel; ein overgang til ein ny røyndom. Denne overgangen er nært knytt saman med relasjonen

til Jesus. Karakteren av det nære fellesskapet med Jesus blir av Paulus omtala som å «kle seg» i Kristus (Gal 3, 27). I Den norske kyrkja sin dåpsliturgi har dette fått ordlyden: « I dåpen tek Gud i mot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus» (ibid. s. 86).

Gud handlar i dåpen, men har også virkekraft i den døypte sitt liv etter dåpen. Å sjå dåpen som ein prosess på denne måten kan på eit vis relaterast til ein kristen initiasjon. Men den kan også sjåast i eit eskatologisk perspektiv, som ein vedvarande prosess til den fullendast i Guds rike (ibid. s. 16). Slik viser Hegstad at hos Luther er det rom for vekst og heilaggjering i mennesket sjølv om *alt* er gjeve i dåpen. Å sjå dåpen som eit teikn med eskatologisk karakter held dette saman; denne heilage ytre handlinga som skjer i notida viser også til noko som vil skje i framtida. Hegstad viser at dåpen er eit teikn som er verkekraftig, eit teikn som sjølv formidlar det den viser (ibid. s. 51).

Eit prosess-perspektiv tydeleggjer at Gud er verksam i den døypte sitt liv fram mot fullendinga av Guds rike (ibid. s. 53). For det er eit løfte om den endelege frelse som blir gjeve i dåpen. Dette løftet blir tatt i mot i tru, men må leve i ei spenning mellom det som er no og det som skal komme. Bibelverset frå første Peters brev 1,3 om at vi er født på ny til «eit levande håp» som avsluttar dåpsliturgien synleggjer dette (ibid. s. 96).

Dåpens gåve er eit liv i Heilaganden. Når Hegstad snakkar om at dåpen set menneske fri til eit nytt liv må ein forstå dette som ein del av Andens gåve hevdar han (ibid. s. 75). I det nye testamentet blir Heilaganden omtala som noko som gjev kraft og utrusting, og som har ein vegleiar og opplysende funksjon (ibid. s. 76). Dette perspektivet hos Hegstad involverer også ein transformasjon. Hegstad legg vekt på at Andens gåve er Heilaganden sjølv som tek bustad i menneska og blir ei fornyande kraft i menneske sine liv. Men ein må også sjå Andens gåve i samanheng med skapinga. Anden er livets ande og krafta bak alt i skaparverket. Heilaganden fornyar det som er skada og trua av det vonde. Heilaganden kan vise seg ulikt i menneska, men er «en levende personlig kraft» (ibid. s. 77). Andens gåve er ein grunnleggjande del av å vere kristen og ytrar seg ulikt frå person til person, men på ein måte som utrustar til teneste (ibid. s. 78).

### 3.1.2.1 Oppsummering

Luthersk teologi vektlegg å forstå dåpen som ein overgang, understrekar Hegstad. Gjennom Gud som handlar i dåpen skjer det ei konkret endring. Her vil omgrep som mørke - lys, død - liv og synd - frelse vere til hjelp i det som skal seiast for å konkretisere overgangen. Vidare har

Hegstad eit viktig anleggjande om at ein må vere bevisst på å ikkje omtale barnets liv før dåpen i vendingar som kjem i konflikt med eit skapingsteologisk perspektiv. Mennesket som skapt er allereie under Guds omsorg, men Gud handlar med mennesket til frelse i dåpen. Samstundes kan ein ikkje setje likskapsteikn til at alt det vonde dermed er fortid. Ein transformasjon som både er «allereie no»; ei føregriping og eit teikn på fullendinga som «enno ikkje» har skjedd (ibid. s. 185).

Eg vil samanfatte nokre sentrale poeng hos Hegstad. Som transformasjonsressurs kjem særleg det skapelsesteologiske perspektivet til syne i Hegstad sin dåpsteologi. Å bli døypt handlar om «å realisere sin bestemmelse som Guds skapning» (Hegstad 2019:60).

Det andre eg vil trekke fram er den djupare dimensjonen av den nye statusen vi får gjennom dåpen. Sjølv endringa i relasjonen til Gud-Skaparen, vi får kalle Gud Far, er sentralt hos Hegstad.

I relasjon til praksis finn eg det sentralt korleis Hegstad omtaler transformasjonsperspektivet relatert til Den heilage ande. Sjølv om Hegstad understreker at Heilaganden viser seg ulik frå person til person, påpeiker han at det skjer det ein transformasjon i dåpen ved at Den heilage ande sjølv tek bustad i menneska. Anden blir ei fornyande kraft i menneske sine liv og som utrustar til teneste. Eit viktig fokus er korleis Andens gåve i dåpen står i samanheng med skapinga. Heilaganden fornyar det som er skada og trua av det vonde.

## **3.2 Stjerna**

Finskfødde Kirsi Stjerna er professor i luthersk historie og teologi ved California Lutheran University i USA. Stjerna vektlegg det spirituelle og sanslege i dåpen- å kjenne Gud i hjertet. Dåpens ritual er viktig for å skape erindring om dåpsvatnet. Dåpen gjev tilhøyrsløse og eit minne som ein vender tilbake til.

### **3.2.1 Orienteringsressursar hjå Stjerna**

Ein kan orientere seg ut frå dåpsdatoen som den dagen ein kunne «kjenne» Gud i sansane og i hjartet, før hovudet forstod noko i det heile (Stjerna 2009:46). Stjerna utdjupar i artikkelen frå 2014 korleis dåpen er ei sansleg og personleg påminning om nåde frå Gud. Gud som ikkje berre skaper og frelser, men som held alt oppe. Dåpen er noko fysisk ein held fast ved som ein

har erfart med kroppen. Som Luther seier: «faith must have something to believe – something to which it may cling and upon which it may stand. Thus faith clings to the water and believes it to be baptism» (Stjerna 2014: 95). Stjerna viser korleis dåpen har to dimensjonar vi skal merke oss: den usynlige sprirituelle og den synlege sanslege dimensjonen i vatnet. I summen av desse møter Gud oss – på ein måte som treff både det spirituelle og det sanslege. Luther seier kroppen får vatnet ausa over seg for alt kroppen kan gjere er å ta i mot vatnet. Ordet er for sjela. Mennesket erfarer vatnet og blir minna om sin dåp- slik ein kan bli minna om sin dåp og dens tyding for å høyre til i fellesskapet og gåvene ein får i dåpen.

Både den spirituelle og sanslege dimensjonen hos Stjerna vil eg trekke fram som relevant som orienteringsressurs. Dei kan romme den kristne fortellinga på sin særeigne måte og foreldra kan erfare tilhøyrsløse og identitet. Her kan ei narrativ teologisk forståing vere fruktbar i det teologiske arbeidet. Henriksen viser at ein narrativ lesemane frigjer teksten frå eit monologisk uttrykk til å ta del i eit språkspel. At Bibelen blir lest som kristen grunnfortelling frå skaping til nyskaping er ei føresetnad i narrativ teologi, utifrå ei forståing knytt til konstitutive reglar. Regulative reglar legg føringar for korleis ein kan fortelje denne historia slik at den kan vere gjeldande for menneske i dag (Henriksen 1999:93).

Stjerna er opptatt av den eine dimensjonen Henriksen påpeiker ved orientering; etikk og moral. Dette er også eit transformativt perspektiv hjå Stjerna. Kva kan skje dersom ein tek på alvor potensialet i vår dåp knytt til forvaltning av våre gåver til det gode for andre? «We are better stewards of the gift if we also earnestly imagine what our baptism means in the bigger picture, in light of the well-being for God's creation and all humankind» (Stjerna 2009: 90). Å forstå kva som blir gjeve oss gir livet retning og vender oss til alt det skapte. Vår impuls er å først og fremst bryr vi oss om oss sjølve, ikkje om andre. Difor treng vi dåpen seier Stjerna. Den Heilage Ande blir verande i oss. Det er Anden som skapar generøsitet og kjærleik til å tene andre (ibid. s. 91). Dette perspektivet hos Stjerna om kva vi gjer med dåpens gåve, kan gje eit individuelt startpunkt som gjev kraft. Det hjelper å orienterer oss i kva som verkeleg betyr noko og kva som er uviktig i våre menneskemøter.

Gjennom tidene har dåpens meining blitt utvida viser Stjerna. Kristen identitet og medlemskap var ikkje lenger det viktigaste etter Augustin si lære om arvesynda vart gjeldande, og fokuset dreia på korleis dåpen var nødvendig til frelse. Men i vår samtidige diskusjon om sakramenta

tilbyr Stjerna å heller bruke eit vidare omgrep, nemleg eit paraplyord som «spiritualitet» i staden for frelse, og omgrepet «ein god nødvendighet» med eit nytt fokus (Stjerna 2014: 94).

I lys av den lutherske læra om rettferdiggjeringa ved tru kan dåp sjåast på som ein god nødvendighet som på ulike måtar som adresserer dei åndelige behova til kristne. Det er ein nødvendighet som fyller eit behov for beskyttelse, næring, legedom og håp vi har på same måte som vi treng vatn, mat og tryggleik. Ein kan respondere på dåpen som ein fordel både for individet og på det kollektive planet; å høyre til i kyrkjefellesskap som erkjenner korleis menneska kjem til kort og ser det nødvendig med guddommeleg hjelp til å takle synd, lidning og erkjeninga av å vere dødeleg. Stjerna peiker på at dåpen også kan bli adressert som ein god nødvendighet i å motverke sjølvsentring; eit høve til å justere seg til å sjå andre sine behov (Stjerna 2014: 95).

Hos Stjerna finn eg orienteringsressursar til beskyttelse og å vere salig, tilgjengeleg i etikken og i forkynninga. På kva måte kan vi kommunisere korleis dåpen kan bli viktig for dei? Når ein høyrer til- kva får ein då? A «Good necessity» kan handle om det ein får i ein heim. I ein god heim får ein ikkje berre dekkja sine kroppslege behov, som mat, vatn og ly. Ein får også dekt sine eksistensielle, andelegge behov. Det er ein god måte å artikulere og framføre dåp som ei forsikring av Guds nærvær og lovnad om Gud som oppretthaldar (Stjerna 2014: 95-96).

Stjerna peiker på vendinga i terminologien frå frelst til salig. Å bli salig – å leve eit velsigna liv- gjev også rom for å fokusere meir på retning etter dåpen. Her kan både dimensjonane i orienteringsressursane; etikk og moral og forteljingane vere sentrale. Å lese seg sjølv inn i bibelen sine forteljingar som rommar Guds beskyttelse og Guds kjærleik gjev ressursar til orientering; at Guds gåver skal gå med oss, at Guds gode gåver er for oss. I Luther si tid møtte frelsa i dåpen dei spirituelle behov i vanlige folks liv. Då ein ikkje hadde anna sikkerhet var den himmelske forsikringa gode nyheiter. Dåpen som ei kraft mot det vonde har fortsatt klangbotn i foreldre. Foreldre som kan omfanne dåpen som eit essensielt instrument for spirituell velbehag og eit kristent ansvarlig liv (Stjerna 2014: 99).

Dåpen tilbyr eit individuelt startpunkt for eit liv med eit åndeleg fokus, og ein kjensle av sikkerhet som det åndelege livet fører med seg; som krusningar strøymer det inn i eins liv. Krafta i dåpen kan liknast som ei guddommeleg kraft mot alt som står i motsetning til Gud, godleik og menneskelegdom i vårt tilvere. Ei kraft som kjemper mot vold, rasisme, seksuell

trakassering, alle former for mindreverd og urettferd. Stjerna peiker på at fordelane ved eit åndeleg fokus og kraft strekker seg utover å vere terapeutisk lovande, dette har eksistensiell tyding. Stjerna skriv om Luther som fekk kraft ved å tenke på sin dåp til styrke og trøyst når synda og samvitet knuga: « But I am baptized! » (Stjerna 2014: 99). Og i denne setninga låg visshet om løftet om frelse og evig liv. Ei slik tilnærming til livet er verd å merke seg, ikkje minst korleis tilgjeving kan vere ein frigjerande røyndom. Lutheranarar kan bevege seg vidare frå middelaldertenkinga om dåp som nødvendighet for frelse og evig liv – til å handle om spirituelt velbehag og ansvarleggjerung av livet som kristen i vår notid. Dåpen er ein god nødvendighet, og for kyrkja kan ho fortsatt tilby dåp som eit frigjerande startpunkt, eit spirituelt fokus for individ rett inn i sin eigen kvardag i ei teologisk tolkingsramme rundt mennesket sin eksistens (ibid. s. 99). Dette perspektivet hos Stjerna er sentralt som orienteringsressurs som kan gje fokus på eit etisk ansvarleg liv.

Luther framstiller den heilage dåpen som noko Gud vil menneska (Stjerna 2021:147). Dåpen er ei gåve som er gitt til alle, også barn. Dette perspektivet hos Stjerna er ein sentral orienteringsressurs. Dåpen er noko som Gud vil menneska. Det understreker ein relasjon som er ønska mellom Gud og menneske, understreker Stjerna.

På grunn av at synd fins i verda, er dåpen meint å vere tilboden til alle. Argumentasjonen for dåp kokte ned til to teologiske overtendingar hos Luther: Alle er født som trëllar under synda og ingen kan fri seg sjølve utan Guds nåde. Det er dåpen som er reiskapen for denne nåden (ibid. s. 146). Tru er for Luther ein storleik som ikkje er til forhandling; ein dåp utan tru er eit tomt symbol. Men Stjerna viser korleis det kan vere nyttig å tenkje på tru som eit spesielt språk Luther bruker for å forklare hendinga med dåpen. Det kan vere til hjelp å tenke på tru som tillit, poengterer Stjerna. Gud set ikkje vilkår for menneska; heller ikkje vilkår i å tru på bestemte måtar. Frå menneska sitt perspektiv er nettopp dette at tru som ei frelsande kraft, akkurat som nåde, kan berre sjåast på som ei gåve. Og denne trua kan best uttrykkast som ei tillit. Luther understreker at det er Gud som handlar til tru, og som i dåpen kroppsleggjer denne tilliten (ibid. s. 148).

Luther oppfordra til å sjå på dåpsritualet med det spirituelle blikket slik at ein ikkje berre ser det som det blotte auge kan sjå. For vatnet og Ordet rommar ikkje mysteriet i rettferdigginginga, men gjev likevel eit ytre minne av det som skjer. Guds vilje og løfte er det

som betyr noko, hevdar Luther. Vanleg vatn er ikkje noko ekstraordinært, men blir fortrefteleg når det blir middel for Guds handling (Stjerna 2009:43). Slik som kornet og druene i nattverdselementa er dåpsvatnet element vi kan kjenne, smake og sjå. Dette kan vere ei viktig støtte i ei tru som elles ikkje er følbart. I følgje Luther trenger tru eit såkorn, så vel som næring og hjelp. Dåpen som sakrament har dette formålet; å framkalle ei verdsetting i oss for det Gud har gitt oss. I tru kjem sakramentet til liv og blir meningsfullt. Dåpen er ein skatt som Gud gir oss og som trua grip tak i, ein skatt full av trøyst og nåde (ibid. s. 44).

Stjerna argumenterer for å hugse dåpsdatoen som noko som kan gje mening og retning i livet. Dette perspektivet er også relevant for denne avhandlinga. Kva kan vi ta utgangspunkt i når det gjeld dåpen og plassering av oss sjølv? I boka til Henriksen (1999) referer han til Mogstad som skjelnar mellom ei historiekritisk og ei litterær tilnærming til Bibelen. Mogstad framhev å framstille forteljinga slik at den kan handle om den enkelte. Det finst ulike linjer i forteljinga som muliggjer å aktualisere og nytolke grunnleggjande gudshandlingar sett i lys av menneska sin nye livssituasjon. Ein av desse forteljingslinjene det er snakk om er knytt til strukturar i verkelegheita; rettferd og trygghet (ibid. s 92).

Sjølv om Henriksen peiker på problematiske sider ved narrativ teologi løfter han fram korleis den treff våre menneskelege erfaringar ved å konstatere menneska sine liv i eit større samanheng. Ved å etablere høvet for samanheng og forutsigbarhet når menneske er stilt ovanfor nye erfaringar, møter den narrative teologien vårt grunnleggjande behov for tryggleik og mening. Slik kan den fungere som ein mogleg identitetsbasis for den som relaterer seg til forteljinga (ibid. s. 97). Henriksen understrekar korleis den store forteljinga i kristendommen gir moglegheit til å leve ut i frå livsprinsipp som skapar identitet, tilhøyrslø, tryggleik og rettleiing (ibid. s. 101).

Stjerna oppsummerar fordelane med dåpen i dag; menneska blir sett fri og er sameina med Gud, menneska får tilgjeving og blir vaska rein, og det nye livet- Guds Ånd lever i oss. Dåpen gir oss trøyst og håp. Det faktum at ein bevisleg er døypt og har ein dåpsdato er noko å lene seg til i livet. Her ser ein at den rituelle dimensjonen ved orientering er sentral i skaping av minner. Etikk og moral er ein dimensjon i høve orientering som Stjerna vektlegg i høve kraft til å kjempe for det gode for alle.

### 3.2.2 Transformasjonsressursar hjå Stjerna

Kropp, tru og tillit blir knytt saman i dåpen, i følgje Stjerna. Dåpen er ein skatt Gud gjev - full av trøyst og nåde. Stjerna viser til Luther si store katekisme der han skriv at i dåpen har kristne nok å studere og praktisere for eit heilt liv. I dåpen blir ingenting mindre gjeven menneska enn det å vere heilag. Menneska blir gjeve transformerande tilgjeving og eit grunnlag for ein ny start kvar dag. Ingenting mindre enn Gud blir gjeve i dåpen. I dåpen blir det ikkje gjeve delar av Gud, men Gud i sin fylde: Gud, vår Skaper, Frelser og Heilaggjerar. Det fins ingen større juvel menneske kan smykke seg med enn dåpen, for i dåpen blei vi heilage og salige. Ikkje noko menneskeleg innsats kan oppnå dette (Stjerna 2009:14).

For Luther var ikkje dåpen ei doktrine, han var opptatt av dåpen si gode meining og korleis det påverka livet til menneska. Og ikkje minst korleis det prega livet ein levde saman med andre. Stjerna viser korleis Luther brukte omgrepet spiritualitet på ein annan måte enn det brukast i dag. For Luther dreia det seg om korleis Gud, ved Heilaganden kjem til oss, lever i oss og vegleiar oss. Og korleis vi kan invitere Heilaganden inn i våre liv. Spiritualitet handlar om å leve med forsett om å søkje guddommeleg hensikt og meining. Å vere våken i høve korleis ein kjem i kontakt med sin Skaper og medmenneske, slik kan ein kjenne ei aukande kjensle av heilskap i ved å stadig søkje det guddommelege. Når ein orienterer seg ved Gud som kjelda til lykke kan ein stadig hauste fordelane av denne «edelsteinen» ved vatn og Ordet ( ibid. s. 15).

Stjerna viser at i løftet som Jesus gav i Matteus 28; om å vere med alle dagar så lenge verda står blir ein minna på som eit teikn i dåpen. Det er både eit teikn som skal erfarast personleg, men også som eit heilagt teikn som kyrkja skal ivareta. Luther var overtydd om korleis slike ytre teikn skulle bli brukt eksplisitt som eit ritual for kyrkja. Det er i kyrkjelyden sin kontekst at dåpen blir eit meningsfullt, heilagt teikn med transformativ effekt (Stjerna 2009: 42).

Luther beskriv, i følgje Stjerna, dåpen som noko ein i kristenlivet skal ikle seg kvar dag. Ein himmelsk kledning å ha på seg som bringer med seg tru og gjev frukter av det nye livet. Men Stjerna viser vidare at menneska lev i spenninga mellom «fullstendig heilag» og «enno ikkje» (Stjerna 2009:52). Vi gløymer Gud, vi gløymer vår neste og vi blir sjølvsentrerte. Når dåpen er startskotet for det nye livet i Kristus, kva er eigentleg målet? Er målet å oppnå perfeksjonisme samanlikna med andre og stadig spirituell fornying? Nei, for Luther handla det ikkje om å måle framgang i betre og verre i dette livet. Livet er slik det er og menneska er slik dei er. Samtidig kan ein gjere ein forskjell i korleis ein relaterer seg til livet og menneska rundt seg. I dåpen får



vi gjenoppretta relasjonen til Gud og det skjer ei transformering ved Heilagandens framkalling. Men det er også ein gryande start på ein livsvarig prosess relatert til ei annan form for rettferdighet- vår eigen. Dette perspektivet hos Stjerna løfter fram transformasjon både som endring og i mulighet for utvikling.

I dåpen ligg det ei kraft som er i gjæring som blir framkalla i oss. Slik ei gjærdeig vil ese ut av bollen vil Guds kjærleik stadig fylle oss og utvide hjarta våre til å omfamne og bry oss om andre. Målet er ikkje spirituell velvære for oss sjølve, men at Gud rører i oss og fyller våre liv slik at det må utvide seg; til å bry oss og tene andre. Som Luther seier: «denne rettferdigheten består i å elske sin neste» (ibid. s. 53).

Stjerna understreker at relasjonen vår til Gud har alt å gjere med Jesus. Den er knytt til Jesu gjerning og Jesu person; «When God sees us, God sees only Christ.» (2009:84), seier Luther. Meir enn noko inviterer dåpen oss til å sette pris på Heilaganden si rolle i våre liv og den varige effekta av dåpen er knytt til Anden sitt virke i oss. Den held oss oppe i vår daglege utfordring i å vere etterfølgere av Jesu døme og lære (Stjerna 2009:84). Luther poengterte at tru er ikkje ei menneskeleg førestilling eller ein draum. Tru er guddommeleg arbeid i oss som endrar oss og gjer oss fødd på ny av Gud. Det er Gud som er på ferde i transformasjonen som skjer i dåpen. Det er Gud som handlar, Gud som gjev dåpen i gåve og som gjev tru i gåve. Trua er agenten for forholdet til Gud, for å gjere dåpen meiningsfull og i transformasjonsarbeidet i eins liv (Stjerna 2014: 98).

Transformasjonsperspektiva hjå Stjerna vil eg oppsummera i orda spiritualitet, kledning og kraft. Stjerna vektlegg korleis Heilaganden kjem til oss og lever i oss og vegleiar oss. Sentralt står også moglegheitene for menneske til å invitere Heilaganden inn i våre liv, og slik søke hensikt og mening i våre liv. Stjerna viser korleis Jesus er heilt sentral i korleis vår relasjon til Gud har blitt gjenoppretta. Vi er ikledt Kristus og vi kan kle på oss dåpen kvar dag. Dette transformasjonsperspektivet er noko som kan gjere ein forskjell og skape endring i korleis vi relaterer oss til livet og menneska rundt. Krafta til dette kan ein hente frå dåpen, krafta kan samanliknast som ei gjærdeig som vil ese ut, ei kraft som veks ut av bollen.

## 4 Drøfting

Drøftinga får ei todeling der første del er ei samanlikning av dei to nyare framstillingane av dåpsteologi av Hegstad og Stjerna.

Andre del av drøftinga tek utgangspunkt i utvalde ressursar til orientering og transformasjon hjå Hegstad og Stjerna med henblikk på praksis. Dette legg til grunn eit utval praksisar som kan vere viktige i å gjere dåpsteologien relevant i dåpssamtalen, min brukskontekst der dåpsteologi skal fungere og formidlast. I eit samspel mellom samtale og øving vil eg prioritere momenta *Dåpens vatn* og *Den heilage ande sine gåver* i kva som er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldre i dag.

### 4.1 Hegstad og Stjerna: Nyare framstillingar av dåpsteologi

Begge figurantane har Luthersk dåpsteologi som referanseramme og blir nytta i møte med dåpsforeldre i ulike deler av verda i dag. Men tolking og vektlegging varierer og konteksten er her ein tydeleg faktor som eg berre nemner kort. Hegstad skriv utifrå sin norske, folkekyrkjelege kontekst. Medan Stjerna skriv frå ein luthersk kontekst i USA der den lutherske kyrkja er ein minoritet som stadig må definere sin konfesjonelle eigenart i høve andre kristne tradisjonar.

Dåpens sakrament kan i følgje Stjerna også seiast å vere middel av gjestfridom frå Gud til menneska som tek i mot i tru. Organisert frå kyrkja til menneske som søker følbare ritual som verkeliggjer Guds løfter «for dei» (Stjerna 2014: 92). Men i denne artikkelen peiker Stjerna på utfordringa som lutheranarar deler med alle kristne: å omsetje desse Guds underverk til eit forståeleg språk i dag og anten prøve å bevise relevansen for ein slik samtale, eller å foreslå nye alternativ til samtale (ibid. s. 92). Samtidig har desse historiske, tradisjonelle teologiske omgrepa fungert meiningsdannande gjennom tidene. Å forklare og forsvare si tru har kristne alltid gjort, men i vår tid prega av sekularisme og ateisme der mange ikkje har tilknytning til noko kyrkjesamfunn er det igjen aktuelt å reflektere rundt sakramenta. Ein meiningsfull plass å starte er betraktningar rundt det openbare gapet mellom det historisk teologiske språket og folks perspektiv på tru i dag. I det teologiske språket ligg det spor av spenningar frå tidlegare usemje om sakramenta som ikkje lenger er relevant. Korleis kan vi i dag bygge vidare på vår nedarva teologiske tradisjon og korleis kan vi reinse bort og reformere når det trengs? (ibid. s. 93).

Slik eg les Hegstad og Stjerna står dei støtt i den lutherske tradisjonen. Hegstad omtaler dåp som hending og prosess. Dette perspektivet hos Hegstad inkluderer både eit folkekyrkjeleg perspektiv om tradisjon om dåp som noko som skaper tilhøyrslse. Men som ved å vere ein uttalt prosess likevel tek høgde for at dåpen ikkje er eit sluttunkt; det kristne livet skal levast i vekst og utvikling. Stjerna hentar inspirasjon frå Luther sitt sitat til trøyst og oppmuntring; « But I am baptized!». Kanskje gjev Stjerna sin amerikanske minoritetskontekst bodskapen tydelegare retning og frimod?

Hegstad viser korleis læra om arvesynda er tona ned gjennom dei siste revideringane av dåpsliturgien og Stjerna kjem med oppmoding om ei snarleg nytenking rundt «synd-prat». Gjennom tidene har sakramenta si tyding blitt utvida. Frå å gjelde kristen identitet og medlemskap i kyrkja vart dåpen sin verknad sterk knytt til frelse gjennom kyrkjefader Augustin si lære om arvesynd og dåpen som nødvendig til frelse (Stjerna 2014:94). Stjerna peiker på at i samtidige sakramentdiskusjonar kan ikkje lenger temaet *frelse* vere det einaste fornuftige svaret i høve grunngjeving av dåpspraksis. I staden er ordet spiritualitet, eller åndelighet å føretrekke. Dette omgrepet spiritualitet er vidt nok til å femne ulike tilnærmingar til dåp på ein respektfull måte, og utan å avvise dåpens sentrale rolle i den kristne tradisjonen i høve tru. Og i forståing med sakramentets effekt i kyrkja som gjev næring til tru kan ein søkje å forene det lutherske tradisjonelle språket om ei « god» nødvendighet- med eit nytt fokus (ibid. s. 94). Spørsmålet er ikkje lenger om ein blir frelst i dåpen, men som eit alternativ til «synd-språk» tilbyr spiritualitet ord om heling og håp (ibid. s. 95). Dette perspektivet hos Stjerna tydeliggjer at ho har tatt eit tydeleg val i å gjere nytte av andre omgrep enn «synd-språk».

Stjerna utdjuar korleis Luther påståeleg understreka korleis Guds handlingar og nærvær aldri vil vere bunde av sakramenta. Men at dåpens sakrament var til for menneska; for deira tru og spirituelle velbehag. Gud har organisert dåpen til eit konkret ritual som berer av nådemiddel til støtte til menneska som i tillit tek imot Guds gåver. Først og fremst kommuniserer dåpen tilgjeving og den fridomen det fører med seg. Dåpen kommuniserer rettferdiggingninga som skjer når ein er forsona med Gud, sjølv grunnlaget for ein eksistens. Luther beskriv ei fridomskjensle frå skuld og kjensla av byrdene som fører med ei plaga menneskeslekt. Men eit meir notidig perspektiv kunne ha utvida den frigjerande innverknaden i erfaringa av tilgjeving og korleis dei døypande kyrkjelydane kunne undervise om meininga i ei slik gåve i høve eins personlege sjølvbevissthet og eigenkjærleik, gjensidige relasjonar og ein samla funksjon i verda (Stjerna 2021:149). Dette perspektivet hos Stjerna tydeliggjer korleis ho særleg vil holde fram

den etiske dimensjonen ved orienteringspunkt som dåpens gåver tilbyr. I hennar kontekst i eit splitta USA kan dåpens frigjerande kraft vere med på å legge vekk stridigheter og vende blikket mot kva som kan vere eins funksjon i verda.

Ein av likskapane ved Hegstad og Stjerna er at begge seier at Den heilage ande blir gjeve som gåve i dåpen. Medan Hegstad betoner at dette kan vise seg svært ulikt og handlar ikkje om i kva grad ein er fylt av Den heilage ande snakkar Stjerna om spiritualitet i oppløftande vendingar, om ressursane som ligg i dåpen for alle ved Heilaganden- om kraft til forandring.

Til forskjell frå Stjerna vektlegg ikkje Hegstad dimensjonane etikk og moral i orientering. Forklaringa på at etikken ikkje er så uttalt hjå Hegstad ligg kanskje i korleis det norske samfunnet er gjennomsyra av kristen etikk.

Verken Hegstad eller Stjerna omtalar særleg religionspluralisme. I vår tid kunne dette med fordel bli tematisert i framstillinga. Særleg i høve vår pluralistiske kontekst der vi møter foreldre der eine forelderen er døypt og ønsker dåp. Medan partneren høyrer til ei anna trusretning og er usikker, eller ønskjer ikkje dåp.

Som eit historisk og teologisk svar på Jesu ord og bod i dåpsbefalinga i Matteus 28 har kyrkjelydar utført dåp gjennom tidene. I ein ny kontekst argumenterer Stjerna for at lutheranarar kreativt og med overlegg kan omfamne dåpens viktighet « for oss» i dag, og i eit luthersk teologisk språk. I dåpen kommuniserer og handlar kyrkja utifrå ei mangfaldig tru på den treeinige Guds nærvær og handling i menneska sine liv. I dåpen feirar ein transformasjonen som skjer, synleg og usynleg, ved Guds handling. Dåpen skaper ei forbinding som er erfart av kristne gjennom tidene. Gjennom dåpens ritual har vi blitt fri frå djevelen, synd og død, og blitt born av Livet, Guds arvingar, Guds born og Kristi brør og systre (Stjerna 2014: 98). Men Stjerna problematiserer også terminologien ho nyttar her. Som ein dåpsteologi for vår tid held ho fram eit transformerande perspektiv knytt til den frigjerande innverknaden i erfaringa av tilgjeving, og korleis meininga i dåpens gåve kan gje endringsressursar i høve eins utvikling og relasjonar til andre (Stjerna 2021:149).

Hegstad og Stjerna er begge i sine kontekster opptatt av korleis gjere bruk av eit teologisk språk som er relevant for menneske å orientere seg utifrå i dag. Med ulik vektlegging peiker dei på transformasjonen i dåpen som ein prosess som skjer i vekst og utvikling.

## **4.2 Ressursar hos Hegstad og Stjerna med henblikk på praksis**

I det postmoderne samfunnet har refleksjonen rundt korleis religiøse tradisjonar kan legitimere seg fått hovudfokus, viser Henriksen (2016). I forhold til dåpsteologi og praksis i denne avhandlinga er det nyttig å vere bevisst dette hovudfokuset i korleis merksemda har flytta seg bort frå ei forståing om kva dåp kan *gjere* og *gjer* til å omhandle det kognitive innhaldet. Men ein kan også sjå teologi som integrert og delaktig i den religiøse bruken av symbol, forteljingar og rite (Henriksen 2016:30).

I 2008 vart det påpeika at dåpssamtalen i for stor grad la vekt på forklaringar av kognitivt innhald i høve dåpsteologi (Holdø 2008:47). I min brukskontekst er dette fortsatt gjeldane. Kva er viktigast å formidle teologisk når vi legg til grunn Henriksens understreking av at religion ikkje sit i hovudet som eit sett med førestillingar? Det dreier seg om kva menneske vektlegg og kva dei ønskjer å endre. Det dreier seg om val av fokus og symbol som er sentrale for sjølvforståinga og opplevinga av seg sjølv (Henriksen 2016:31).

I det følgjande skal eg drøfte kva som peiker seg ut som relevante praksisar i tilknytning til orientering og transformasjon hos Hegstad og Stjerna. Det er relevant å betone dåpsteologi med tanke på praksis fordi orientering og transformasjon er avhengig av praksisar og *er* praksisar. I ei formidling av noko kognitiv til dåpsforeldre vil det vere viktig å knytte det til heilt konkrete praksisar som vi har.

### **4.2.1 Korleis kan tradisjonen med å døype barn seiast å vere ein orienteringsressurs for foreldre i dag?**

Når dåpsforeldre skal grunngje dåp svarer dei ofte tradisjon. Men kva kan ligge i svaret om tradisjon? Tradisjon betyr å høyre til i noko. Den plasserer folk innanfor ein samanheng som dei kan, men i ulik grad, orientere seg ut i frå. Den kan bidra til vegleing, livsval, til ein verdisamanheng og ein historisk samanheng. I dåpssamtalane kan vi vise at dette henger saman med tilhøyrslø og fellesskap. Tradisjonen med å døype barn kan bidra til både orientering og vekst, utvikling og endring, og ei forståing av kven ein er i ein kristen tradisjon.

#### 4.2.1.1 Gjere bruk av forteljingar som gjev identitet og tilhøyrse

I starten av dåpssamtalen blei det saman med dua lagt ut ein Bibel på dei kvite sirklane. Bibelen leiar oss til forteljing som neste praksis. Å samlast rundt nokre av dei heilage forteljingane, anten frå dåpsliturgien eller ved konkretisering av bibelfortellingar for barn som trusopplæring kan opplevast meiningsfullt på fleire nivå. For det første kan det å lytte til forteljingar gje høve til å erfare tilhøyrse og slik vere ein orienteringsressurs. Henriksen peiker på måten vi møter Den andre på kan gje oss ressursar til å møte mangfaldet i livstolkningar i vår tid. Dei fortellingane som stadig skaper nye utkast til kristen livstolkning er sentrale i dette (Henriksen 1999:21).

Fortellingane kan hjelpe foreldra som kjem til kyrkja med sitt nyfødde barn til å plassere seg i forteljinga som gjev del i ein større samanheng. Eit ønskje om vern frå det vonde er ei universell erfaring som resonnerer hjå nybakte foreldre. Å lese seg sjølv og si erfaring inn i bibelen sine forteljingar som rommar Guds beskyttelse og Guds kjærleik gjev ressursar til orientering; at Guds gåver skal gå med oss, at Guds gode gåver er for oss. Dåpen som ei kraft mot det vonde har fortsatt klangbotn i foreldre. Foreldre som kan omfamne dåpen som eit essensielt instrument for sprirituelt velbehag (Stjerna 2014: 99).

Det kan vere ei utfordrande drøfting i kva forteljingar som skal bli formidla i dåpssamtalane. I dåpsliturgien ligg krevjande forteljingar. Vendingar om at barnet er gravlagd og oppstått med Kristus kan vere utilgjengeleg for dåpsforeldre i dag.

I ordning for dåp i eiga gudsteneste er forteljinga frå Matt 3, 13-17 om Jesu dåp ein av tekstane som kan nyttast som tekstframlegg. Denne forteljinga finn eg relevant på fleire måtar og vel å bruke denne i dåpssamtalen. Dette er ei sentral forteljing frå Jesus liv og kan vere ei forteljing der handlinga kan knyttast konkret til barnet sin føreståande dåp. Forteljinga om Jesu dåp er ei rik forteljing å byggje ut. Til dømes namngjev forteljinga Jesus som «son min, han som eg elsker» (Matt 3,17). Sjølv om barna ikkje lenger formelt får namnet sitt i dåpen er namnegjevinga noko som fleire foreldre fortsatt tolkar inn i dåpstradisjonen (Høeg 2008:139). I vår dåp skjer det ei endring i relasjonen vår til Gud. Det kan vere meiningsfylt for dåpsforeldre å få bekrefte at som Guds barn gjeld den stemma også for oss. Som Guds barn er vi omslutta av Guds kjærleik.

#### 4.2.1.2 Samtale og øving i samspel om Dåpens vatn og Den heilage ande

Eg har vist at hjå Hegstad og Stjerna er det fleirfaldige sentrale poeng i deira framstilling av dåpsteologi. Hegstad viser til Luther-sitatet i sitt forord: «I dåpen har en kristen nok å lære og øve på for et helt liv» (Hegstad 2019:9). I forarbeidet til dåpssamtalen må det gjerast ei prioritering i kva ein vil vektlegge. I denne prioriteringa legg ein vekt på heilt sentrale teologiske aspekt av dåpen, men legg også til grunn den folkelege teologien om dåp.

Hegstad påpeika i webinar om dåpsteologi 20. mai 2021 at for kyrkja er det viktig å få foreldre til å vere med å tenke dåpsteologi. Kyrkja kan ikkje berre dosere teologi til dåpsforeldra. Foreldre har også rett til å reflektere sjølvstending rundt dåpen. Alle døypte har rett til å tenke om dåpen på eiga hand. Om foreldre søker tilhøyrslø, meining, trygghet eller beskyttelse for barnet- det kan også bli gjeve meining og fortolka ekklesiologisk i dåpens sakrament (notat frå webinar om dåpsteologi 20.05.2021. Blir tilgjengeleg på denne nettsida: <https://churchesintimesofchange.org/ressources-and-recordings-from-webinars>).

På bakgrunn av desse vurderingane og ut i frå prioriteringar utifrå Hegstad og Stjerna si framstilling av dåpsteologi, vel eg å fokusere på *Dåpens vatn* og *Den heilage ande sine gåver* i løpet av øvinga og samtalen med foreldra undervegs og i etterkant av øvinga på ritualet. Både Hegstad og Stjerna har fleire sentrale refleksjonar rundt vatn og Den heilage ande. I dåpssamtalen vil det vere nyttig å belyse desse to momenta med dåpsforeldra.

Foreldra såg *Dåpens vatn* sildre frå glassmuggen til glassbollen. Symbola i vatnet blei innleiingsvis introdusert i utdrag av Godlyplay- forteljninga og kan konkretiserast på ulike måtar. Ein kan også gjere bruk av døypefonten, ein av foreldra kan helle i vatnet, ein av foreldra kan lese bønna som takkar for ein nådens kjelde. Ein kan også legge til rette for at foreldra kan få kjenne på vatnet medan dei høyrer ei av bønene som lesast i dåpen.

Vatn konkretiserer den eine dimensjonen av dåpen som Stjerna snakkar om; den synlege sanselege dimensjonen. Saman med den usynlege spirituelle dimensjonen i vatnet møter Gud oss – på ein måte som treff både det spirituelle og det sanselege (Stjerna 2014: 95).

Hegstad peiker på at den som skal døypast er allereie skapt og elska av Gud. Men at eit menneske kjem til dåpen tilkjennegir også Guds gjerning- Guds handling med menneska. Å bli døypt handlar om « å realisere sin bestemmelse som Guds skapning» (Hegstad 2019:60), og det skapte mennesket blir fridd frå den destruktive makta til synda. Gjennom dåpen blir det

skapte mennesket framtrekande (ibid. s. 65). I dåpssamtalen kan vi knytte vår identitet og tilhøyrsla til vatnet frå skapinga og Jesu dåp. Denne tilhøyrsla gjev håp og framtidshåp. Den kan møte foreldre si uro for framtida og dei vonde og destruktive kreftene i verda. Gud går med oss gjennom det vonde.

Rundt dåpsvatnet kan ein gjere bruk av forteljinga om Jesu dåp som eg i avhandlinga har referert til under forteljingar.

*Den heilage ande si gåve.* Ei due i filt er plassert på ein kvit ring saman med vatnet. Dua forbind fleire med fredsdue og dua frå Noas ark. Forteljinga om Jesu dåp (Matt 3, 13-17) fortel korleis Guds Ande kom dalande ned over Jesus som ei due. I dåpsbefalinga (Matt 28, 18-20) er Den heilage ande nemnt som ein del av treeinigheten og er heilt sentral som fornyande kraft i menneska sine liv. Den heilage Ande sine gåver er meint for heile skaparverket sitt beste (Stjerna 2009:90). Her kan vi belyse engasjement for som til dømes menneskeverd, klimaspørsmål og reint vatn.

Dåpen kan også sjåast som eit essensielt instrument for spirituelt velbehag og eit kristent ansvarlig liv, understreker Stjerna (Stjerna 2014: 99). Men målet er ikkje spirituell velvære for oss sjølve, men at Gud rører i oss og fyller våre liv slik at det må utvide seg; til å bry oss om andre. Stjerna peiker på den varige effekta av dåpen knytt til Anden sitt virke i oss. Den held oss oppe i vår daglege utfordring i å vere etterfylgjarar av Jesu dømme og lære (Stjerna 2009:84).

Å forstå kva som blir gjeve oss i dåpen gir livet retning og vender oss til alt det skapte, viser Stjerna. Vår impuls er å først og fremst bryr vi oss om oss sjølve, ikkje om andre. Difor treng vi dåpen seier Stjerna. Den Heilage Ande blir verande i oss. Det er Anden som skapar generøsitet og kjærleik til å tene andre (ibid. s. 91).

Også Hegstad understreker Heilaganden som gjev kraft og utrusting, og har ein vegleiande og opplysende funksjon. Andens gåve er Heilaganden sjølv som tek bustad i menneska og blir ei fornyande kraft i menneske sine liv (Hegstad 2019:76).



### ***4.3 På kva slags måte bidreg teologien til å framstille dåpen som noko som involverer ein form for transformasjon?***

Å bli døypt involverer transformasjonsressursar som må sjåast i samanheng med skapelsesteologiske perspektiv, viser Hegstad. Det handlar om «å realisere sin bestemmelse som Guds skapning» (Hegstad 2019:60). Han trekker fram den djupare dimensjonen av den nye statusen vi får gjennom dåpen. Sjølve endringa i relasjonen til Gud-Skaparen, at vi får kalle Gud Far, er sentralt hos Hegstad.

Stjerna samanliknar dåpen med ei linse vi ser oss sjølve gjennom. Ei linse som viser oss vår personlige plass i Guds skaparverk, og gjennom denne linsa kan vi oppdage Guds gjerningar i våre liv og Guds gjerningar i verda gjennom oss (Stjerna 2009:88). Stjerna fortel om undringa til eit barn som spurte mora under ei barnepreike om dåpen; Kva er greia med dåpsdatoen? Er ikkje bursdagen min mykje viktigare? Men Stjerna understreker poenget med å huske dåpsdatoen. Å huske dette startpunktet hjelper oss å huske alt. Det hjelper oss å huske kva vi trur på og kva håp Gud har for oss. Og i ærefrykt over skatten vi har fått blir vi minna om vårt ansvar og hjelpemiddel i møte med verda vi lev i (Stjerna 2009:91).

#### **4.3.1 Gjere bruk av ritual til vekst, utvikling og endring**

I det følgjande vil eg konkretisere med henblikk på praksis korleis øving til dåpen kan gje ei innsikt i religiøse tradisjonar.

Dåpen er eit transformativt rite, men fleire praksisar kan bli synleggjort for foreldra ved å øve på ritualet i dåpssamtalen. Ved å øve kan det opne opp for praksisar som både har potensiale som noko å orientere seg i, og som har i seg noko som kan skape vekst, utvikling og endring. Dåpsforeldra kan øve på å inn i prosesjon bak prosesjonskorset og helle dåpsvatnet i døypefonten. Saman kan vi lese Vår Far på høgt og bli kjent med ordlyden i vedkjenninga. Dåpsforeldra kan bli invitert til å lese forteljinga om Jesus og barna, og dåpsbefalinga. Når dåpsforeldra er delaktige i ei øving blir fokuset endra frå forklaring av dåpens teologi, til fordel for at dåpsforeldra blir kjent med dåpsritualet. Når foreldra i forkant har møtt element frå dåpsritualet er det som skjer dåpsdagen lettare tilgjengeleg for foreldra. Kyrkja kan slik legge til rette for auka refleksjon omkring kva foreldra sjølv finn viktigast i dåpsteologien.

## 5 Avslutning

I denne avhandlinga har eg tatt utgangspunkt i to nyare framstillingar av dåpsteologi. Eg har vist at det er hjå Hegstad og Stjerna fleirfaldige sentrale poeng i deira framstilling av dåpsteologi.

Stjerna fokuserer på korleis dåpen er ei sanseleg og personleg påminning om nåde frå Gud. Gud som ikkje berre skaper og frelser, men som held alt oppe. Dåpen er noko fysisk ein held fast ved, vatn som ein har erfart med kroppen.

Hegstad og Stjerna seier begge at Den heilage ande blir gjeve som gåve i dåpen. Medan Hegstad betoner at dette kan vise seg svært ulikt og handlar ikkje om i kva grad ein er fylt av Den heilage ande snakkar Stjerna om spiritualitet i oppløftande vendingar, om ressursane som ligg i dåpen for alle ved Heilaganden- om kraft til forandring.

I høve kva som er viktigast å formidle teologisk med dåpsforeldra må det gjerast ei prioritering i kva ein vil vektlegge. I denne vurderinga legg ein vekt på heilt sentrale teologiske aspekt av dåpen, men ein må også legge til grunn den folkelege teologien om dåp. Eg har utifrå drøftinga av framstillingane til Hegstad og Stjerna peika på to moment eg finn viktigast i min brukskontekst; *Dåpens vatn* og *Den heilage ande sine gåver*. I dåpssamtalen blir desse momenta formidla med dåpsforeldra i løpet av øvinga og i samtalen med foreldra undervegs og i etterkant av øvinga på ritualet.

Denne avhandlinga viser at for kyrkja er det sentralt at samtalen i høve gjennomføring av sjølv dåpssamtalen må fortsette. Dette bør takast med i revisjonsarbeidet av trusopplæringsplanen. Det er også behov for meir forskning knytt til korleis vi som kyrkje kan møte dåpsforeldre sin folkelege teologi i dag.

## 6 Litteratur

Bibelen (2011): Den heilage skrifta: Det gamle og Det nye testamente. Oslo. Bibelselskapet.

Bispemøtet (2020): «Livsteiknet». Den norske kyrkja.

Den norske kyrkja (2017): «*Ordning for dåp i hovudgudstenesta*». Henta 2.04.2021 frå:

[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/daapsliturgi\\_2017\\_nynorsk.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/daapsliturgi_2017_nynorsk.pdf)

Henriksen, Jan-Olav (1999): *På grensen til Den andre. Om teologi og postmodernitet*. Ad Notam. Gyldendal

Henriksen, Jan-Olav (2016): *Mangfold og tvetydighet. Aktuelle blikk på religion*. Portal Akademisk.

Hegstad, Harald (2019): *Dåpen. En nådens kilde*. Verbum.

Hegstad (2021). Notat frå samtale i webinar om dåpsteologi 20. mai. 2021. Blir tilgjengeleg på

<https://churchesintimesofchange.org/ressources-and-recordings-from-webinars>.

Holdø, Cecilie (2008): «Dåpssamtalen mellom det hellige og alminnelige -kirkens utfordringer i møte med unge foreldre i en postmoderne tid». Det teologiske menighetsfakultet . Masteroppgave i Kirkelig undervisning. Henta 9.05.2021 frå:

<https://mfopen.mf.no/mf-xmlui/bitstream/handle/11250/161173/Dåpssamtalen%20mellom%20det%20hellige%20og%20alminnelige.pdf?sequence=3&isAllowed=y>

Høeg, Ida Marie (2008): «*Velkommen til oss*». *Ritualisering ved livets begynnelse*.  
Avhandling for graden philosophiae doctor (PhD). Universitetet i Bergen. Det historisk  
filosofiske fakultet. Henta 2.05.2021 frå:

[https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/67e72ac3412149249b93c50409fc01b4/dr.thesis\\_ida%20marie%20hoeg.pdf](https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/67e72ac3412149249b93c50409fc01b4/dr.thesis_ida%20marie%20hoeg.pdf)

Kirkerådet (2010): *Gud gir – vi deler*: Plan for trosopplæring i Den norske kyrkje. Oslo: Den norske kyrkje.

Stjerna, Kirsi (2009): *No Greater Jewel: Thinking about Baptism with Luther*. Minneapolis: Augsburg Fortress.

Stjerna, Kirsi (2014): «Seeking Hospitable Discourse on the Sacrament of Baptism». I *Dialog: A Journal of Theology*. Summer 2014.

Stjerna, Kirsi (2021): *Lutheran Theology. A Grammar of Faith*. t&tclark.